

10.5 Dyrsku dugnaden

Saksframlegg til årsmøte angående Dyrsku dugnad

Noverande kontrakt blei i desember 2022 oppsagt som eit styrevedtak i des. 2022. Bakgrunnen for det var at kontrakten ikkje samsvara med ansvar og omfang av dugnad me som idrettslag gjennomfører. Det har i kontraktperioden vore stort trykk på mange personar, både dei som planlegg og ikkje minst på dei som deltek med mykje press og mange vakter på alle. Styret meiner at me er avhengig av inntekt basert på dugnad, og at Dyrskun er eit bra alternativ med nokre endringar i kontrakt.

Framlegg til vedtak:

Styret i IL Rein får fullmakt av årsmøte til å framforhandle ny kontrakt med Dyrskun arrangement, der tal timar og ansvarsområde blir nedjustera frå 1100 timar til ca.700 timar, med auka timepris til 150 kr time/dagtid og 175 kr time/natt.